



Kristian Bringedal har vore prosjektleiar for Bygdeutviklingsprosjektet. Her er han i rolla som "gamal skulemeister" på Hauglandskulen.  
(Foto: Ola Matti Mathisen)

**Prosjektleder Kristian Bringedal har søkt kommunen ved Tore Eik om områdemidler til Bygdeutviklingsprosjektet i Uskedalen også for 2008. Han søker mellom anna om midlar til det nye Dialogforumet som har sitt fyrste møte i neste veke og som skal fremja samhandling og samarbeid i bygda. Til dei faste møte i forumet vert det meldt inn saker for drøfting og vidare arbeid.**

For eit tredje driftsår har Bringedal sett opp eit budsjett på 190.000 kroner, som han håpar kan finansierast med 20.000 av egne midlar, 50.000 gjennom dugnadar, 40.000 i områdemidler, 50.000 av andre gåver og 30.000 av inntekter frå nettsida.

Under rubrikken "fellesutgifter" har han mellom anna ført opp 10.000 til studietur og 10.000 til honorar for førelesarar.

Under sentrumsutvikling er det budjettert med 10.000 til blomar og pynting i sentrum og 15.000 til rasteplass ved elveosen. Her er renovering av kjellaren i Gamleskulen eige prosjekt.

Under "kultur, turisme og informasjon" er det ført opp 10.000 til profilering og logo, 10.000 til nytrykk og revisjon av turistbrosjyre, 10.000 til eigen båthamnbrojyre i eit samarbeid med båtlaga og 5.000 til plakat "Velkomen til sommerbygda Uskedalen".

Grappa "næringsutvikling" er mellom anna ført opp med 10.000 til felles profilering og marknadsføring. Her er det også ein post på 5.000 til marknadsføring av Børneset og 5.000 til marknadsføring av ledige næringslokale. Olsen motorsamling/bulldoserpark er også tiltenkt 5.000, det same er marknadsføring av Heio (turneringar m.m.) Sandvolleybane er ført opp som eige prosjekt.

"Friluftsliv og turvegane" er mellom anna tiltenkt 5.000 til forbetring og justering av badestranda og det same til vedlikehald av turvegane i nærområdet (påfylling av sand). Kulturhistorisk vandring på Skorpo har fått 5.000 og det same har turbrojyre/kulturløype.

Ei trivselsgruppe er ny og her er det mellom anna budjettert med 10.000 til inventar i kafeen i Gamleskulen.

Av Ola Matti Mathisen